



# ALVER

K O M M U N E

## Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	15.09.2022 18:22:16
ReferanselD	ALV0039-1045152
<b>Innsendar</b>	
Innspel til	
<input type="checkbox"/> planprogrammet	
<input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av	
<input type="checkbox"/> Privat person	
<input checked="" type="checkbox"/> Verksemd	
<b>Virksomhet</b>	
Organisasjonsnummer	
940215897	
Virksomhetens navn	
Kålås Bygg AS	
Adresse	
Torvhusmyrane 2	
Postnr/sted	
5913 EIKANGERVÅG	
Kontonummer	
Telefon til kontaktperson	
45201819	
E-post til kontaktperson	
lars@kalasbygg.no	

### Arealdelen

#### Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

#### Eigedomssopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

203/77

#### Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Forslag til Byggeområde for naust – utviding av eksisterande området.

I planprogrammet er det sagt at ein skal sjå nærmare på nye naustområde, gjerne i tilknyting til / som utviding av eksisterande.

Arealet som vist på vedlagte kart, gbnr 203/77, i Sauvågen vil egne seg godt til dette. Arealet grensar til eit eksisterande naustemiljø og kan tilretteleggjast som ein forlengelse til dette - sjølvsagt i same stil og fasong.

Ein ser for seg naustrekker men med små brudd mellom mindre rekker på samme måte som er der, enten samanhengande rekker eller med små mellomrom som i dag. Me meiner ei utbygging på 8-12 enheter er realistisk for området. Omtrent i midten av dei nye nausta vil ein få på plass ei badevik / strand / båtopptrekk som skal være tilgjengeleg for ålmenta. Ein ser at dagens felles båtopptrett er mykje nytta sjølv om det er privat eigd, her vil ein forsøkje å etablere felles båtopptrekk som ein gjennom avtale med kjøparar / utbyggjar sikrar at er tilgjengeleg for ålment bruk slik at også dei som ikkje har naust er sikra tilgang til sjå med kjakk, kano og andre ting. Dette er tidvis problematisk å finna eigna plass å setje ut pr. i dag og noko vi veit ålmenta hadde sett pris på. Nærmore avtale og kostnad med vedlikehold må ein utreda i planprosessen slik at ein sikrar den delen av eit "åpent båtopptrekk" på ein god måte.

Det er etablert tilkomst frå kommunalveg til dagens naust, ein ser for seg å enten etablere ein ny tilkomst i norde enden av det foreslårte området eller å benytte dagens. Dette må vurderast nærmare i detaljplan, det kan og tenkast at det viser seg teneleg å knytta ny tilkomst / veg saman med eksisterande for å få ein slags ringveg med utløp i begge ender- eventuelt regulere det med einvegskjøring med eigen innkjøring / utkjøring i kvar ende for å unngå rygging inne i området.

Slik me ser det er området tilstrekkelig stort til å etablera parkering tilhøyrande nausta utan problem, omfanget av utbygginga vil definere behovet for parkeringsplassar. ei utbygging på mellom 8 og 12 naust med tilhøyrande parkering og friareal ser me som realistisk – ved vegløysing som over kan bilane f.eks. parkerast i køyreretning utan behov for å snu inne på området. Sauvågvegen er ein lite trafikkert veg som er relativt kurant å lage nye avkøyringar på, og området ligg nær Hjelmås Kai med butikk uansett om ein vel sjø- eller landvegen.

Sauvågen har tilkomst sjøvegen under ei bru på E-39, området begrensar seg difor til eit miljø beståande av småbåter. Seilbåter er ikkje aktuelt grunna høgdebegrensing på bruia. Akkurat dette oppfattar me som positivt sidan ein då unngår store ruvande båtar i eit tilrettelagt miljø. Området er grunna dette sundet svært beskyttet mot vær og vind har aldri bølgjer - bølgebrytar, molo eller lignande er difor ikkje aktuelt.

Me meiner området egnar seg godt til formålet, det er ingen bruk av området i dag grunna terrenget og ein byggjer difor ikke ned noko som er reelt brukbar strandsone i dag - men ein kan oppnå ein fin vik med naustemiljø som er open for ålmenta dersom ein gjer ei god tilrettelegging av området.

## Eventuelle vedlegg

### Vedlegg

Skisse naustområdet\_203\_77.pdf